

PROTOKOLL STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Førde sentralsjukehus, Førde, møterom Styreverrommet 3. etg. Hildrabygget

MØTETIDSPUNKT: 07.09. 2022, Kl. 0730 - 1500

Sak 078/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse. Sak 086/22 blei behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova. § 26 a, 2. ledd nr. 2 og 4.

Forfall:

Marie Skontorp hadde meldt forfall til møtet. Britt Heidi Tefre møtte som vara.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 079/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 13.06.2022

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 13.06.2022.

Sak 080/22 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Status beredskap

Det er ingen pågåande beredskap i føretaksgruppa Helse Vest p.t., men særleg merksemd på utviklinga på Covid19 og nye mutasjonar.

6. Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Fagdirektør Bjørn Egil Vikse orienterte om innspel til Nasjonal Helse- og samhandlingsplan. Endelege innspel vi bli lagt fram for styret under skriv og meldingar.

Styret presiserte at prioritering vil vere svært viktig i tida framover.

7. Orientering om arbeid med innspel til statsbudsjettet 2024

Styret peika på at konsekvensar av Korona rapporten del to, som påfører helseføretaka auka kostnadar vil føre til konsekvensar for drift og pasientbehandlinga i sjukehusa.

Styret var også tydelege på at psykisk helsevern må prioriterast.

Styret slutta seg til forslaget til felles innspel, med dei kommentarane som blei gitt i møtet.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 081/22 Rapportering frå verksemda per juni og juli 2022

Oppsummering

Målekort Helse Vest - juli 2022		Nasjonale mål	Denne periode		Mål oppnåelse	Hittil i år		Mål oppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	55	50		63	50	
	Ventetid - VOP	45	43	40		48	40	
	Ventetid - BUP	40	54	35		53	35	
	Ventetid - TSB	35	28	30		31	30	
Andel kontakter passert planlagt tid		16,60 %						
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer								
Korridorpasienter somatikk		2,30 %						
Aktivitet:			Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold	12 123	12 401	-2,2 %	93 620	92 814	0,9 %	
	Dagopphold	2 970	3 011	-1,4 %	37 455	37 119	0,9 %	
	Poliklinikk	66 796	72 442	-7,8 %	753 795	765 667	-1,6 %	
Psykiatri	Døgnopphold	737	756	-2,5 %	5 931	5 808	2,1 %	
	Dagopphold	86	79	8,9 %	522	510	2,4 %	
	Poliklinikk	18 035	20 035	-10,0 %	279 176	280 986	-0,6 %	
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)	99	117	-15,4 %	817	880	-7,2 %	
	Dagopphold	2	1		10	11	-9,1 %	
	Poliklinikk	5 125	6 428	-20,3 %	51 165	57 641	-11,2 %	
Bemanning	Brutto månedsværk	26 333	25 663	2,6 %	24 715	24 006	3,0 %	
	Sykefravær	5,5 %	8,4 %	8,0 %	9,0 %	7,6 %		
Økonomi	Resultat	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik	
		-47 552	73 449	-121 001	33 959	369 329	-335 370	

* Pakkeforløp kreft inneheld feil data per juli. Det blir difor ikkje rapportert eit gj.snitt for Helse Vest på denne indikatoren

For psykisk helsevern samla så er Helse Vest i tråd med prioriteringsreglen for aktivitet. Målet vart derimot ikkje nådd for tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Samla ventetider ligg høgt i føretaksgruppa innan dei fleste fagområda. Helse Vest ligg per juli ikkje an til å nå måla for verken somatikk, psykisk helsevern vaksne eller psykisk helsevern barn- og unge. For tverrfagleg spesialisert rusbehandling er føretaksgruppa i tråd med måla i juli, men ikkje hittil i år. Helseføretaka har gode og omfattande prioriteringsmekanismer. Det er likevel grunn til uro for dei lange ventetidande innan psykisk helsevern, og da særleg barn og unge. Manglande rekruttering er ein vesentleg årsak, saman med høg rate på tilvisingar. Styret vil bli orientert om status i det felles regionale arbeidet med tiltak mot rekrutteringsutfordringa i psykisk helsevern og rus i oktober.

Det økonomiske resultatet per juli viser eit stort negativt avvik målt mot budsjett. Avviket skuldast i hovudsak lågare aktivitet i sjukehusa, høgare sykefravær, mangel på kompetanse for enkelte personellgrupper, og auka vare, personal- og andre driftskostnadar jamfør budsjetta.

Helseføretaka er i en krevjande situasjon, og det vil fortsatt være oppfølging og dialog både mellom leiinga i føretaka og Helse Vest RHF, samt styreleiarane utover hausten. Å stabilisera

drifta i sjukehusa gjennom gode HMS-tiltak, open og god informasjon og medverking om utfordringane og tiltaka, samt tett dialog med eigar er viktig i den vidare oppfølginga.

Det er nødvendig for evna til å finansiere investeringar at føretaka forbetrar sine resultat. Det er derfor særskild viktig å prioritera gjennomføringa av tiltak, og sikre god oversikt over økonomiske effektar som følgje av disse i tida som kjem.

Vedtak samrøystes

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2022 til etterretning.

Sak 065/22 Klinisk behandlingforsking og regional samhandling

Oppsummering

Med den Nasjonale Handlingsplanen for kliniske studiar har det blitt eit særleg fokus på kliniske studiar og kliniske behandlingstudiar spesielt. Føretaka i Helse Vest har ulike tiltak lokalt, regionalt og nasjonalt for å gjere det enklare for pasientar i regionen å ta del i klinisk behandlingforsking. Eit særleg viktig regionalt tiltak er at det i Direktørmøtet i Helse Vest i mai i år vart tilslutning for å etablere ein regional samhandlings- og forskingstøttestruktur – *EinVeiVest* – som eit tiltak for å redusere terskelen for føretaka å delta i kliniske behandlingforsking initiert frå industri. Nasjonalt leiar Helse Vest RHF eit oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) om å etablere eit avtaleverk for desentraliserte kliniske studiar med mål å styrke samhandling og kompetanseoverføring mellom føretak og gjere det enklare for pasientar i studiar å få heile eller delar av si behandling gjennomført ved eige lokalsjukehus.

Vedtak samrøystes

Styret i Helse Vest tok saka til orientering.

Sak 067/22 Forsking og innovasjon til pasientens beste, Nasjonal rapport frå spesialisthelsetenesta 2021

Oppsummering

Forsking og innovasjon til pasientens beste er RHF-a sin felles rapport med eksempel på korleis forskning og innovasjon medverkar til betre klinisk praksis. Rapporten inneheld også eit kapittel med i hovudsak nasjonale nøkkeltal basert på data frå forskning og innovasjonsaktivitet i helseføretaka i 2021. Rapporten er utarbeida av ei nasjonal arbeidsgruppe under leiing av Helse Vest, og er forankra i RHF-a sitt AD-møte. Arbeidsgruppa har to representantar frå kvart RHF og to brukarrepresentantar. Rapporten vart formelt overlevert til Helse- og omsorgsdepartementet v/statsråd Ingvild Kjerkol 1. juni 2022.

Observatør frå brukarutvalet peika på at frå neste år av bør ein ver merksam på korleis ein ordlegg seg i forhold til brukarmedverknad i rapporten.

Vedtak samrøystes

Styret tok rapporten «Forskning og innovasjon til pasientens beste» til orientering.

Sak 082/22 Oppfølging i Helse Vest av rapport frå Koronakommisjonen del 2

Oppsummering

Koronakommisjonen leverte 26. april 2022 del 2 av sitt arbeid. Kapittel 6 i rapporten «*Sengekapasitet og intensivberedskap i helseforetakene*» inneheld funn og læringspunkter som er viktige for Helse Vest å følge opp. Helse Vest RHF meiner Koronakommisjonen har gjort godt greie for bakgrunnen for tilrådingane og støttar i all hovudsak desse. Det er nasjonalt og regionalt satt i gang arbeid som møter funn og tilrådingar frå rapporten.

Vedtak samrøystes

Styret tok saka til orientering.

Sak 083/22 Nasjonal E-helse strategi - høyring

Oppsummering

Direktoratet for E-helse har sendt på høyring utkast til Nasjonal e-helsestrategi. Direktoratet skriv innleiingsvis; «*Digitalisering handler om å bruke teknologi til å forbedre, forenkle og fornye prosesser og tjenester. Nasjonal e-helsestrategi skal gi felles retning for digitalisering i helse- og omsorgssektoren, og understøtte digital transformasjon i virksomhetene. Strategien legger vekt på områder som krever felles prioriteringer, beslutninger og koordinering. Den skal være retningsgivende for sektorens prioriteringer i årene fremover, og være en felles overbygning som aktørene kan koble sine strategier og planer opp mot. Strategien gjelder fra 2023, og målbildet strekker seg frem mot 2030.*»

Helse Vest RHF er av det syn at e-helsestrategien er basert på godt og grundig arbeid med brei involvering av sektoren. Helse Vest RHF kan – i stort – gje sin tilslutning til visjon, overordna mål, målgrupper og strategiske mål.

Vedtak samrøystes

Styret ber om at innspel til utkast til høyringssvar til Nasjonal e-helsestrategi vert innarbeid i brev til Direktoratet for E-helse.

Sak 084/22 Høyringsutkast til Regional utviklingsplan i Helse Vest 2023 - 2035

Oppsummering

Helse Vest skal revidere den regionale utviklingsplanen innan utgangen av 2022. Før endeleg styrebehandling, skal planen til høyring. Prosjektet har arbeidd fram eit høyringsutkast, som blir lagt fram for styret før planen blir sendt på høyring. Etter høyringa vil styret få eit justert planforslag til endeleg behandling i desember 2022.

Den reviderte utviklingsplanen har fått eit nytt, digitalt format. De finn planen ved å følge denne lenka: <https://www.nestegenerasjonplan.no/ny-utviklingsplan/ny-regional-utviklingsplan-2022-2035>

Innspel frå styret:

- Innleiinga bør spissast i forhold til satsingsområde
- Det bør skrivast inn noko meir om systematisk involvering pårørande jf. vedteke pårørandestategi frå 2021.
- Omgrepet helseteneste bør nyttast framfor helsevesen
- Krig og pandemi og usikkerheit framover bør omtalast

Vedtak samrøystes

1. Styret i Helse Vest RHF tek utkast til Regional utviklingsplan for Helse Vest 2023 – 2035 til etterretning.
2. Styret ber om at utkastet til plan blir sendt på høyring, og at planen blir lagt fram for styret for endeleg behandling i desember 2022.

085/22 Tenestetilbodet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Oppsummering

Saka gjer greie for det samla behandlingstilbodet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i Helse Vest med vekt på følgjande hovudpunkt:

- Rammer for gjennomført anbodskonkurranse innanfor TSB
- Om gjennomføring av anskaffing innan TSB, førebels resultat og planar for oppfølging
- Vurdering av eventuell avviking av Helfo-godkjenning

Helse Vest løyser sitt sørge for ansvar for pasientgruppa innan TSB gjennom behandlingstilbod i helseføretaka og gjennom kjøp av tenester hos private tilbydarar. Innan kvart føretaksområde er det store skilnader i del tenester som blir levert av private, og del tenester som blir levert av det lokale helseføretaket. Til dømes er det i Helse Stavanger området ein større del av tenestene som blir levert av private, medan det er ein liten del i Helse Bergen området.

Helse Vest har i 2022 planlagt og gjennomført ein anbodskonkurranse innan TSB. Når det blir planlagt og gjennomført konkurransar innan ulike fagområder, vil det ofte vere behov for å regulere fordelinga av volum og element av tenestene mellom helseføretak og private aktørar. Det kan skje på førehand gjennom planlegginga av konkurransen eller i etterkant når resultatet av anskaffinga er klart.

Vedtak samrøystes

1. Styret tok saka til orientering og ber administrerande direktør om å følge opp at nødvendige tiltak blir gjennomført for å sikre at det samla tenestetilbodet til rusmiddelavhengige i Helse Vest, etter at nye avtaler tek til å gjelde, er minst like godt som i 2022.
2. Styret ber om at det blir gjennomført føretaksmøte med Helse Stavanger HF for å gi oppdrag om å gjennomføre tiltak som sikrar ønska behandlings- og utdanningstenester i helseføretaket.
3. Styret ber om å bli orientert om endeleg resultat av anskaffinga av tenester innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling og om vidare arbeid med oppfølging av resultatata frå konkurransen.

U.OFF. Sak 086/22 var unnateke frå offentleg innsyn jf. Offl. § 13, første ledd, jf. Forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 2 og offentleglova § 23 første ledd
Saka blei behandla i lukka møte jf. helseføretakslova. § 26 a, 2. ledd nr. 2 og 4.

Sak 086/22 Kommunikasjonsløyising i akuttmedisinsk kjede KAK2

Saka var felles for alle 4 helseregionar og var difor ikkje på nynorsk.

AD-ene- i RHF-ene fremmer med dette en felles styresak for egne styrer i henhold til etablert fullmaktstruktur.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF gir administrerande direktør fullmakt til å øke investeringsramme for KAK 2 som fremlagt i saken.
2. Styret i Helse Vest RHF gir administrerande direktør fullmakt til å godkjenne endelig prosjektramme i AD-møtet når endelig innstilling til valgt leverandør foreligger.

Sak 087/22 Tilleggsdokument til oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 23. juni 2022

Saka var drøfta med KTV og KHVO.

Oppsummering

Torsdag den 23. juni 2022 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Same dato mottok Helse Vest RHF eit tilleggsdokument til oppdragsdokument 2022 frå Helse- og omsorgsdepartementet, etter Stortinget si behandling av Prop. 115 S (2021-2022), jf. Innst. 450 S (2021-2022).

Vedtak samrøystes

Styret i Helse Vest RHF tar tilleggsdokument til oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 23. juni 2022 til etterretning.

Sak 088/22 Tilleggsdokument til styringsdokument 2022

Oppsummering

Helse Vest RHF har motteke tilleggsdokument til oppdragsdokument 2022 frå Helse- og omsorgsdepartementet, og føretaksprotokoll frå føretaksmøte 23. juni 2022. Dei nye dokumenta kommer etter Stortinget si behandling av Prop. 115 S (2021-2022), jf. Innst. 450 S (2021-2022). Ein viser her til behandling av styresak 087/22, som presenterer innhaldet i dokumenta.

I tilleggsdokument til styringsdokument 2022 vidareformidlar Helse Vest RHF styringsbodskapet til helseføretaka i Helse Vest (med unntak av Sjukehusapoteka Vest HF).

Grunna korte tidsfristar har helseføretaka motteke utkast til tilleggsdokument, svarande til dokumenta som blir lagt fram i denne saka. Etter styrebehandling vil endelege versjonar av dokumenta bli formidla til helseføretaka i føretaksmøte.

Vedtak samrøystes

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Stavanger HF
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Fonna HF
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Bergen HF
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Førde HF

Sak 089/22 Protokollar frå møte i revisjonsutvalet

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 11.02, 03.03, 23.03, 19.04 og 13.06. Styret vert orientert om revisjonsutvalet sitt arbeid gjennom protokollane.

Desse protokollane har blitt godkjent fortløpande av medlemmene av revisjonsutvalet, anten i etterfølgjande møte eller skriftleg over e-post.

Vedtak samrøystes

Styret tok protokollane frå møte i revisjonsutvalet første halvår i 2022 til orientering.

Sak 090/22 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Leiar av RBU orienterte om at Jostein Bildøy gått ut regionalt brukarutval og at Sonja Ljostveit har gått inn som nytt medlem.

Internrevisjonsprosjektet som skal sjå på variasjon i brukarmedverknad i HF-a i Helse Vest har starta opp. Internrevisjonen deltok på sist møte i RBU.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 091/22 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Skriv 01 – Kvalitets- og registerkonseransen 2022 program

Skriv 02 – Referat frå møte i RBU 11.05.2022

Skriv 03 – Referat frå møte i RBU 13.06.2022

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 07.09.2022 Torunn Nilsen

Agnes Landstad	Styreleiar
----------------	------------

Olin Johanne Henden	Nestleiar
---------------------	-----------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Anne Karin Hamre	Medlem
------------------	--------

Oddvar Kaarbøe	Medlem
----------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Tord Anton Haaland	Medlem
--------------------	--------

Wenche Kristin Røkenes	Medlem
------------------------	--------

Sett:

Marie Skontorp	Medlem
----------------	--------

Egil Olsen	Medlem
------------	--------

Britt Heidi Tefre	Varamedlem
-------------------	------------